

Føraren og ministerpresidenten Vidkun Quisling

Oslo.

1003975

17/7/44

Noregs og Europas lagnad vert no avgjort for lange tider framover. Det gjeld no meir enn før at alle krefter vert samla til best mogleg innsats for folket og fedrelandet. Eg bed difor Føraren og Ministerpresidenten om å gjera bruk av denne vesle utgreidinga i den mon De finn grunn til det:

1. Kvar minister bør ofra om lag heile si arbeidskraft på dei sakene som ligg under han. Ein departementsjef bør nemleg i dag fylgja nøye med i arbeidet med alle saker og gjera dei opptak som trengst til å styra departementet i norsk nasjonalsosialistisk leid. Han kan då ikkje ha andre gjere mål, som krev nemnande tid eller vera borte frå departementet i lenger tid. So lenge hersetjingsmakta har avgjerda i dei viktigaste sakene for folket vårt, bør kvar minister ha dagleg kontakt med vedkomande tyske styremakt eller tenestestelle. Ministrane vil då kunna hindra sume tiltak frå tysk side, som er til skade for Noreg, og dermed i regelen for Tyskland og. Gjen om slik stendig kontakt vil ministrane og lettare kunna få hersetjingsmakta med på fleire tiltak til gagn for Noreg. Det gjeld her m.a. å kunna overtyda målsmennene for hersetjingsmakta om at slike tiltak, set under ein høgare synsvinkel, vil gagna Tyskland og arbeidet for det nye Europa, som v nasjonale sosialistar vonar på.

Det er mi tru at t.d. Rk.-forordninga frå 5 juni 1944 om skiping av tysk sivildomstol i Noreg aldri vilde ha set dagsens ljøs, so framt vår dugande justisminister hadde fått høve til å bli kjend med planen om denne forordninga på fyrehand.

So vidt eg veit er Noreg det einaste hersette landet i Europa som har fåt ein slik tysk serdomstol. Dette vert no utnytta mot NS og Tyskland av fiendane våre. Minst ein kjend NS-mann har alt meldt seg ut av partiet pga. denne forordninga, som er serleg audmjukande for oss i NS. Jøssingane og kommunistane ser annleis på dette og. For dei får meir vatn på mylna si gjennom ei soveri forordning. Dersom Rk. ikkje vil ta denne forordninga at ende, bør saka leggjast fram for der Führer. Eg er stø på at Adolf Hitler ikkje vil vera med på å setja oss i ei slik ring serstode.

Kvar minister bør no gjera alt han kan til at Noreg endeleg kan få like gode vilkår som Danmark. Då Noreg frå 1/2 1942 fekk eit nasjonalsosialistisk riksstyre trudde eg at Noreg skulde kunna få enno betre vilkår enn Danmark. Jamvel etter at den danske regjeringa la ned sitt arbeid 29/8 43 og den sivile styringa i landet gjekk over til generaldirektørar og avdelingsjefar, har danskane ei betre og friare stilling både innerter og utetter enn nordmennene. Danmark har ikkje noko Rk. Og utetter har Danmark sine sendemenn og konsular, t.d. i Tyskland, Finnland, Sverige, Sveits, Ungarn, Romania osv.

Når ein dryftar kravet om betre vilkår for Noreg med Rk. og medarbeidarane hans bør ein leggja vekt på, at det ikkje berre vil vera rett og rettvist å gje det norske riksstyret den sivile styringa i landet, men at dette og vil gagna Tyskland og arbeidet for det nye Europa. Det er viktig at Tyskland kan få frigjort arbeidskraft i Noreg til innsats andre stader no. Det er sjølv sagt og viktig at ein dermed får frigjort ogso norsk arbeidskraft som no er sett inn til hjelp for Rk. på ymse måtar (skrivning, omsetjingsarbeid osv. for ulike greiner av Rk.). Men det viktigaste her er kanskje at mistrua til dei tyske planane med Noreg - ei mistru som etter mitt skyn er utan grunn, av di eg lit heilt på Adolf Hitler men som diverre er mykje utbrøidd i Noreg - denne mistrua vil minka. Og i staden vil trua på gode kår for Noreg etter ein germansk-europeisk siger auka munaleg. Eg trur at Ministerpresidenten kan oppnå like gode vilkår for Noreg som Danmark har, so framt De krev det.

2. Når ministrane får bruka det aller meste av kreftene og evnone sine på departementsjefarbeid, kan ein frigjera dei millommennene - rådane - som ein har fått i sume departement. Ein instans millem ministeren og avdelingsjefane må seinka sakene og kan føra med seg andre uheldige fylgjor, som eg ikkje skal nemna her.

I eit land med snautt tri millionar menneske skulde det vera uturvande med ein råd (*statsekretar*) attåt ministeren. Serleg gjeld dette når talet på ministrar er so stort som no.

Eg har med glede set at ein og same mannen er utnemnd til fylkesmann

Stiftelsen norsk Okkupasjonshistorie, 2014

fylkesfører sume stader. Denne samanslåinga av fylkesmann- og fylkesføreryrke bør halda fram. Målet bør vera at fylkesmannen alle stader er fylkesfører og. Dette er både rasjonelt og praktisk i våre små fylke. Då kan det heller ikkje bli nokon motsetnad eller strid og spill av krefter her. Ingen fylkesmann og fylkesfører bør vera under 30 år. På dei dyraste levestadene bør løna ikkje vera under kr. 15 000.- I Oslo truleg kr. 16 000.- etter samanslåinga av dei to stillingane. Det er sjølvsagt at berre fullt heiderlege og uvanleg dugande nasjonale sosialistar kan bli tilsette i desse viktige stillingane. Dessutan bør ein krevja juridisk embetseksamen med laud. Utan juridisk utdanning vil ein fylkesmann ofte stå om ikkje hjelpelaus, so i minsto utrygg. Dei fleste rådane som vert friggjorde, om Ministerpresidenten godtek framlegget under 2, vil kunna brukast i dei nye stillingane som fylkesmann og fylkesfører.

forenklinga og

4. Den vsamlinga av kreftene som er tilrådd ovanfor bør skje elles og. I partiet er det no for mykje prat, skrivning og dobbeltarbeid sume stader. Ein har stundom ein tokke av at det gjeld om å ha so stort kontor og so mange folk og so mykje papir o.m. som råd er. Likevel, eller kan henda ju difor, syner det seg ikkje sjeldan at noteringane osv. kørkje er rette eller fullstendige. Det er betre å ha eit lite men effektivt kontor med god orden enn mange og store kontor utan god orden. Det gjeld no om å frigjera flest mogleg dugande partitenestmenn til overtaking av viktig arbeid i offentleg og privat yrke. Til å oppnå dette bør ein slå saman ymse partikontor under ein dugande leidar. Alle som vil la ta sambaten gå fyre eigenbaten er samde i dette.

5. Ein bør kunna draga inn eit til av dei nyskipa departementa. T.d. Innenriksdepartementet. Sjølve namnet seier i grunnen ingen ting om kva oppgåvor dette departementet har. Alle departement, bortset frå Utanriksdepartementet, er i røynda innenriksdepartement. Eg skulde tru at ein vil kunna spare mykje arbeidskraft og kontorrom o.m. dersom ein let sakene åt Innenriksdepartementet bli delt på Justisdepartementet og Sosialdepartementet. Dei aller fleste av dei sakene Innenriksdepartementet har, låg ju og før under Justis- og Sosialministrane. Utanriks sakene vil ein kunna samle t.d. i Kanselliet til Ministerpresidenten.

6. Propagandaen. I staden for dei mange reisande talarar (ministrar o.fl) bør ein i større mon enn no nytta kringkastinga med sitt høgtalarnett. Dette høgtalarnettet bør byggjast ut meir. Ein bør leggja vinn på støtte talarar, utgreidingar, opprop o.l., som folk i alle byar og tettbygde strok kan høyra til ulike tider på dagen, helst når dei går til og frå arbeidet og om kvelden. Slik propaganda gjer ein heilt annan verknad enn den tvangsforinga, som sume NS-folk går inn for, og som gjev seg utslag i at offentlege tenestmenn og andre får order om å høyra på den og den ministeren. Folk som vert samla eller drivne i hop på denne måten er sjølvsagt ikkje mottakelege for propaganda, om talaren er aldri so god. Dessutan nektar folk flest å møte opp til slike foredrag, og so har dei stor moro etterpå når det syner seg at NS-leidaren ikkje har makt til setja møteorderen i verk. Andre gode propagandamidlar er stemmer og oppmarsjar i dei ulike landslutene. Men dei må vera godt fyrebudde og ikkje koma for ofte.

Heil og Sæl

Vesla Knutson Fiane
Vesla Knutson Fiane.

8
Dette er angitt til sy gjerna til taler...
...
...
...
V. S. F.